

E-post til alle som har oppgitt e-postadr frå PT:

Har du høve til å spreie all husdyrgjødsela før 10. august?

Då kan det vere aktuelt å søkje tilskot gjennom regionalt miljøprogram, dersom du driv areal nær vassdrag med elvemusling.

Les meir om regionalt miljøprogram og tilskotsordninga. Her kan du òg sjå oversikt over dei prioriterte områda. Kort fortalt om tilskotet:

Spreing av husdyrgjødsel om våren og/eller i vekstsesongen ([lenke til oppdatert tilskotsomtale 2022](#)).

- All husdyrgjødsel / biorest som føretaket disponerer blir spreidd seinast 10. august
- Sats: Inntil 180 kr/daa for areal innanfor prioritert område.
- NB! Det kan blir gitt tilskot for *alt* fulldyrka og overflatedyrka areal som eit godkjent føretaket disponerer, samt for innmarksbeite som med vedtak er godkjent som spreieareal. Totalt inntil 250 daa pr. føretak.
- Tilskot kan bli gitt til føretak som disponerer areal i nedbørsfelt for elvemuslingsvassdrag og har produksjon med mjølkekryr eller har storfe, gris eller fjørfe med omfang berekna til 15 gjødseldyreiningar (GDE) eller meir.

Det kan berre bli gitt tilskot for areal der det blir spreidd husdyrgjødsel / biorest. Arealet skal haustast ved slått eller beiting etter gjødslinga. Føretaket skal ha gjødslingsplan og skiftenoteringar som syner spreiedato og gjødselmengde spreidd per dekar. Føretak som mottek dette tilskotet kan ikkje samstundes motta tilskot til nedlegging eller nedfelling, evt. i kombinasjon med tilførselsslange

Søknadsfristen er 15. oktober 2022.

E-posten går til føretak som kan vere aktuelle for å søkje på tilskotet ved at ein etter produksjonstilskot (pr 2021) disponerte areal i eit prioriterte område med elvemusling og hadde aktuell driftsform og -omfang. Ein må sjølv vurdere om tilskotet er aktuelle for eigen del.

Ta kontakt med kommunen dersom du har spørsmål.

SMS til dei som ikkje har registrert e-postadr:

Tips: For føretak med areal nær elvemuslingsvassdrag finst RMP-tilskot for å spreie all husdyrgjødsela før 10. aug. Frå i år kan alt arealet til føretaket bli inkludert. Les meir på RMP-sida ([lenke??](#)) for å vurdere om det er aktuelt. Meldinga er sendt til deg som kan fylle vilkåra for å søkje, og utan registrert e-postadr. Helsing Statsforvaltaren i Vestland.